




KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - APRIL 2019

24. ÅRGANG



«Han gjorde det for deg» av Svanhild Flate

God Påske!

Påskeevangeliet

Ved Signe Hellevik, rådgjevar ved bispedømmekontoret

Paulus skriver til menigheten i Korint:

**«Først og fremst overga jeg til dere
det jeg selv har tatt imot,
at Kristus døde for våre synder etter skriftene,
at han ble begravet,
at han sto opp den tredje dagen etter skriftene,
og at han viste seg for Kefas og deretter for de tolv.»**
1. Kor. 15,3-5

Paulus gir oss det samme som han ga til menigheten i Korint, et kort og konsentrert påskeevangelium, der bare det viktigste er med. Dette har han tatt imot selv, og dette vil han gi videre.

- Kristus døde for våre synder.

Det var for oss! Veien Jesus gikk gjennom svik, tortur og korsfestelse var for oss. Som en soning for våre synder, våre svik og våre nederlag. Gud ga seg selv for oss. Samtidig var det en anerkjennelse av vår svakhet. Slik er vi mennesker, slik er vi elsket og slik er vi omslutta av Guds godhet og nåde.

- Han ble begravet.

Jesu døde kropp ble lagt i graven til en av de rike og innflytelsesrike tilhengerne hans, Josef fra Arimatea. Vennene sørget. De følte seg forlatt, kanskje sviktet. Håpet de hadde til Jesus var knust. For noen handlet det om personlig støtte og sterkt vennskap, for andre handlet det om håp for de svake og utstøtte, for andre igjen handlet håpet om politisk frigjøring. Alle hadde de sitt eget håp knytta til Jesus. Han skulle ha levd lenge ennå, var bare i begynnelsen av en viktig livsgjerning. Nå var han død, en ung mann tidlig i trettiåra. Sorgen var tung og håpløs.

- Han sto opp den tredje dagen.

For en overraskelse, eller forskrekkelse! Kvinnene som gikk til grava for å sørge, møtte engler og ei tom grav! De var totalt uforberedt på det som hadde skjedd. Hvorfor leter dere etter den levende blant de døde? spurte engelen. Lever han? De løp og fortalte det til Peter, Johannes og de andre. Glade og redde på en gang.

- Han viste seg for Kefas og deretter for de tolv.

Allerede samme kveld kom Jesus til dem mens døra var låst. Tidligere på dagen hadde Maria Magdalena møtt han i nærheten av grava, og kanskje hadde Peter møtt han på en måte som ikke er skrevet ned. Men alle fikk se han, kjenne på kroppen hans, og til og med spise sammen med han etter som dagene gikk. Han kom og ble borte, mange ganger, fram til den siste avskjeden Kristi himmelfartsdag. Da gav han dem oppdraget om å gå ut i hele verden – og velsignet dem.

- Dette skjedde etter skriftene, sier Paulus. Det var forutsagt. Profetene hadde sagt noe, salmetradisjonene fortalte noe, og selve historien hadde løftene i seg. Men det var ikke lett å forstå. Det er det kanskje ikke for oss heller?

To menn gikk mot Emmaus samme kveld. De forsto heller ingen ting. De snakket seg imellom, fortvila og forvirra, for Jesus var død, men noen hadde sagt at han levde. Da kom en mann og tok del i samtalen, siterte fra skriftene og forklarte. Dette måtte skje. Siden ble han med dem til kveldsmat, til nattverd. Og når han takka Gud og ga dem brød, kjente de han igjen.

Kristus er oppstanden! Ja, han er sannelig oppstanden!



Bøn for skaparverket

Av Per Audun Høgset

Vår Far i himmelen!

Allmektige Gud, du som ga oss ein heim, ein vakker blågrøn klode i ditt enorme skaparverk, til deg kjem vi med vår bøn.

Lat namnet ditt helgast.

Du bles liv i alt levande under himmelkvelvingen, i den fruktbare jorda under føtene våre. Frå havets strender til fjellels topp, i det salte hav og i bekker og innsjøar lét du myriadar av skapningar og planter bu. Heilag liv, alt smått og stort fann sin plass i din heilskap. I denne Edens hage skapte du mennesket av jord som du bles livgjevande Ande inn i og ga oss del i dette heilage samspelet.

Lat riket ditt koma.

Vekk oss, og ver saman med oss, for vi er på ville vegar. Gjev oss håp og tru på ditt rike, fyll oss med kjærleik og ærefrykt for alt levande.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Du vil oss alle godt. Du er kjærleik. Lat det gode i oss vekse og blomstre, fyll våre hjarte med kjærleik og fred slik din vilje er.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

Lær oss å dekke eit langbord i verda, som alle kan

reise seg mette frå. Lær oss å dele og fornye jorda sine ressursar slik at dei som kjem etter oss, kan leve som søsken på vår vesle, fruktbare klode.

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Tilgjev oss vårt overforbruk og vår øydeleggjande livsstil. Tilgjev oss at vi byggjer murar og med våpen i hand stel frå dei som ingenting har. Lær oss å tilgje, og sjå det gode i, dei som krenkjer oss.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

Gjev oss mot og styrke til å stå imot kreftene i oss som vil bryte ned skaparverket, som vi er sett til å verne og vere medskaparar i.

men frels oss frå det vonde.

Hjelp oss til å velje det som gagnar heilskapen og livet.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Du har gitt oss livet og vår tilmålte tid. Lær oss å bruke våre liv slik at ditt skaparverk og alt liv blir verdsett, verna og elska.

Amen.



Audhøgset, Sjerde Lippel

Martinus sin påskesalme

Av Martinus Løvik

I den store salmeskatten etter Elias Blix - han har 51 salmar i salmeboka og eit tjuetals omsette - finn me og min påskesalme, som Blix skreiv i 1883:

*Sjå, dagen sprett
i austerætt!
Han livet opp vil yngja.
Sjå, skuggar fly,
og solglytt ny
no gyller sky,
og tusen munnar syngja.*

*Du sannings sol
som rann i jol,
ver du mi morgonstjerne!
Lys opp min gang
som vidsynt vang
all dagen lang,
mot mørkers vald meg verne!*

*I all mi gjerd
på livsens ferd
ditt ord mitt ljøs må vera!
Gud, styr min stamn
Til himmelhamn
I Jesu namn!
Så skal nok båten bera.*

*Så lid og renn
ein dag om senn
med sol i skuggedalar.
Snart natti lid,
og fram det skrid
til morgon blid
med song i himmelsalar.*

Salmen vert gjerne oppfatta som ein 'tidssalme', ein morgon-song som fyller dagen med lys, forventning og glede. Slik har han vore mykje brukt, også i skulen. Med lærar Nils Aanes - som og var organist i kyrkja i mange år - sto me ofte ved pultane og song denne salmen ved starten av skuledagen. Den fyller meg framleis med ei god, varm kjensle. Det skulen og Aanes slik gav oss, vil nok følgje meg til vegs ende. Får borna med seg slike gåver frå skulen no?

Salmen er likevel meir enn ein triveleg morgonsong, for i andre verset slår symbolikken inn, med sola som er eit Kristus-symbol, og med Jesubarnet fødd julenatta. Dei to siste versa følgjer opp dette, med sola som skal lyse for oss på vår ferd



fram til det endelege målet. Og ingen morgon er så fylt med slik glede og slik sol som påskedagsmorgonen. For meg er dette ikkje berre ein morgonsong, men ein salme som minner meg om påskemorgonen gjennom heile året, ein heilårs påskesalme.

Morgonen med sola som står opp i aust er frå dei eldste tider grunnfesta kristen symbolikk for Jesu atterkome. Det er ikkje utan grunn at kyrkjene ligg som kompass i bygdene våre med inngang i vest og altaret i aust, og at presten ved bøn vender seg ikkje berre mot altaret, men samstundes mot aust der sola skal stå opp. Gamle kyrkjer hadde gjerne ei gyllen sol aust i koret, av gull om det var rikdom nok. Tresfjord-kyrkja var ultramoderne då den var ferdig i 1828. Dei greidde likevel å ta vare på svært mykje djup tradisjon i dekor og symbolikk. Kyrkja vår har slik også ei gyllen sol i koret, i tillegg til den store sola i kortaket. I midten øvst på altertavla ser du eit gyllent solansikt, med stor strålekrans ikring.

Solsymbolikken finn me elles i mange salmar, mest kjent er vel Thomas Kingos mektige påskesalme 'Som den gyldne sol frembryter'. Og røtene er djupe bakover i tid, her i nord går dei heilt til det islandske kvadet Solarljód, Solsongen, der sola er Kristus. Kvadet er truleg frå 1200-talet, men kanskje eldre, og kan jamvel vere frå den første brytningstida mellom heidendom og kristendom på 1000-talet. Blix sin salme er min solsong.

God påske, med mykje sol!



Håvard sin påskesalme

Av Håvard Skrede, leiar i Vestnes sokneråd



Då det kom ny salmebok i 1985 vart eg oppmerksam på den salmen eg har valt. Den står også i den nyaste salmeboka. «*Han er oppstanden. Halleluja!*» Den byrjar med det vi helsar kvarandre med påskedag. «*Han er oppstanden, ja, han er sanneleg oppstanden*». Dette er ein salme der både tekstforfattaren og melodien er frå Tanzania.

Denne jublande salmen fortel godt den glade budskapen saman med den afrikanske melodien, og det likar eg. Salmen oppfordrar også oss i siste vers til å fortelje vidare dette at Jesus har kjøpt oss fri og at det er frelse og fred han vil gje til alle. Det er berre å ta imot.

HAN ER OPPSTANDEN. HALLELUJA!

av Bernhard Kyamanywa

Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.
**Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!**

Tre dager dødens fange han var
Før han stod opp og seiren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp – som selv han har sagt

Gå og fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav,
gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

John Sylte, sokneprest

Telefon 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Anders Barstad, sokneprest

Telefon 71184237/ 94846246

E-post: anders.barstad@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184236/ 97499175

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Kristine Simonnes, vikar for trusopplærer

Telefon: 71184238/ 92896597

E-post: kristine.simonnes@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor: Telefon: 71184230/ 92226151

E-post: jostein.maunder@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmanthlærer

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Jostein Kenneth Maude, ny kantor i Vestnes

I samtale med Kari Nakken

Kyrkjebladet tok kontakt med han, for å slå av ein prat med den nye kantoren i Vestnes.

Kva var det som fekk deg til å søkje til Vestnes?

Opptakta var at ein triveleg medsongar i Romsdalskoret tok til å snakke om songlag, og då spesielt Tomrefjord songlag. Det enda med at eg vart dirigent for dei, først frå 2001- 09, deretter frå 2015, og det er eg framleis.

Utdanninga di, kvar tok du den?

Eg har studert ved Musikkonservatoriet i Bergen, og ved Norges Musikkhøyskole i Oslo. Dessutan har eg fått med meg Lærarhøgskulen i Volda. Etterkvart kom eg i kontakt med Sissel Schiøtt, og vart introdusert som vikar i kyrkjeleg samanheng. Det er såleis ikkje ukjent for meg kva oppgåver eg går til her i Vestnes. Eg har hatt eit flott samarbeid med Sissel, og ho har ein stor del av æra for at eg kom hit. Fiksdal mannskor er ein triveleg gjeng som eg «arva» frå Sissel. Mannskor er flott, og vi sjonglerer litt mellom Vestnes Mandsangforening, Sjantikor og Fiksdal mannskor.

Du er kantor i fire kyrkjer, instrumenta i desse kyrkjene er litt forskjellige, men kunsten er alltid å



få instrumentet til å låte bra, det går fint?

Ein må bli kjent med både instrumentet og kyrkjelyden sin eigenart. Eg møter stadig positive og greie menneske rundt omkring i kyrkjelydane. Har allereie lagt merke til at songen i gudstenestene er av god kvalitet. Det er mykje sterke og gode musikkrefter i Vestnes som samarbeider til glede for alle. Det er triveleg å vere kantor i Vestnes, seier Jostein Maude.

Vi takkar for praten, og ønskjer han mange gode år mellom oss!

Avskjedsfest for Sissel Schiøtt

Ved Kari Nakken.

Foto: Edmund Melkild, Bygdebladet.

28. januar var det stor avskjedsfest for kantor Sissel på Tomrefjord kristne Forsamlingshus. Godt med folk var møtt fram for å gjere stas på henne. Tomrefjord Songlag og eit utvida Fiksdal mannskor gjorde sitt beste i så måte. Artig forhold mellom Sissel og «kallan' min'» som ho seier. Har nok påverka kvarandre gjensidig som det vart sagt. Ho fekk mange helsingar, blomster og takkensord for måten ho har utført jobben på, både i sorg og glede. Alt dette vart godt referert i lokalavisene. Redaksjonskomiteen sluttar seg til takken, og let bildet tale for seg sjølv.



Ei smilande og fornøgd Sissel.



«Sissel og Kallanj».

Renovering av orgelet i Tresfjord kyrkje

Av Jostein Maude

Det har dei siste åra vore arbeidd med å renovere kyrkje-orgelet i Tresfjord kyrkje. Kyrkja var i mange år ganske så skeiv, og heldt nesten på å sige i kne. Orgelet som står der no vart oppsett i 1977, og alt då var kyrkja ganske skeiv. Orgelet var den gong montert i water, og no når kyrkja vart retta opp vart orgelet skada i operasjonen. Orgelet vart med det skeivt og kyrkja bein. Dei mekaniske delane inne i orgelet kom under klem og press og har difor ikkje fungert som dei skal.

Orgelbyggjar Torkildsen frå Trøndelag sa seg villig til å utføre nødvendig oppretting og justering av orgelet. Det synta seg snart at orgelet si luftforsyning var underdimensjonert, og måtte rettast på. Orgelet vart intonert på nytt, det vil seie å setje farge på klangen. Det var eit nitidig arbeid av orgelbyggjar med pipene, og især med holet der lufta treff kanten på munnstykket i pipa. Dette arbeidet liknar litt på det ein gjer når ein skal lære å syngje; justering av munnstilling, opning og resonans. Etter dette vart orgelet grundig stemt. Her har vi no gitt orgelet ei gammal stemming som passar betre til samspel med folkemusikarar, og som står i stil med kyrkja. Stemminga heiter Neidhardt Grundstadt frå 1732. Ein kan høyre at orgelet har ein meir barokk karakter no. Instrumentet kling òg fint i høve til kyrkjerommet det står i, og orgelet er



Foto: Torstein Sønstabø

ikkje til å kjenne att. Det syng no med ungdommeleg kraft. Kyrkja og orgelet står seg no godt etter den grundige renoveringa, og det store kyrkjejubiléet i 2028 er ikkje så langt unna.

Stor takk til Vestnes kommune, orgelbyggjarane frå Torkildsen orgelbyggeri, orgelkonsulent Jostein Maude og medhjelparar Lars Arne Frostad frå Tomrefjord, kantor Sissel Fossli Schiøtt og kyrkjetenar Hans Sylte.



Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tysdagar frå kl.16.30 – 18.30
7. mai, 4. juni og 3. september

Inga påmelding, her er det berre å møte opp!

Treng du skyss til ettermiddagskafé? Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306. Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.



Nattverdsgruppa på altaret i Tresfjord kyrkje

Av Martinus Løvik

Den utskorne nattverdsgruppa på altaret i Tresfjord kyrkje er truleg frå gamlekyrkja, så seier dei skriftlege kjeldene. I så fall vart altertavla til nykyrkja frå 1825-28 tilpassa nattverdsgruppa då den nye altertavla vart laga av Iver Knutsen Åsgjerdet frå Hjelvika. Det kan vi sjå av at breidda på nattverdsgruppa høver perfekt. Dette er neppe noko dei har hatt flaks med og oppdaga i etterkant. Det har difor vore viktig å få med den gamle nattverdsgruppa over til altaret i den nye kyrkja, og nattverdsgruppa kan ha vore eit viktig element på altaret også i gamlekyrkja. At det var ein plan for nattverdsgruppa då den nye altertavla vart laga, kan me også sjå av måleriet på altertavla, måla av svensken Levin og visstnok fullført av Østen Torp. Føtene til den eine kvinna ved krossen er måla slik at dei heilt er tilpassa dei ulike høgdena på Jesus og læresveinane ved bordet.

I Johannes 19, 25 les me: *Men innmed krossen åt Jesus stod mor hans og morsyster hans, Maria, kona til Klopas, og Maria Magdalena.* Dei tre Maria'ene vi ser bak nattverdsgruppa representerer sterk tretals-symbolikk, ikkje berre er her tre kvinner, men tre Maria'er. Tretals-symbolikken

møter me jo svært ofte i den kristne trua, frå den tre-einige Gud til tre kors på Golgata og Jesu oppstode på den tredje dagen, og tre gonger tre klokkeslag minner oss om dette ved slutten av kvar gudsteneste. På det mest berømte av alle nattverdsmåleri, Leonardo da Vincis Nattverden i klosteret Santa Maria delle Grazie i Milano, er dei tolv læresveinane måla i grupper på tre og tre, og omrisset av Jesus ved bordet formar der ein trekant. Så vidt eg kan sjå, er Tresfjord-nattverden fri for slik symbolikk. Og medan da Vincis Nattverd syner eit sterkt opprør av kjensler hjå læresveinane då Jesus seier at ein av dei skal svike han (Johannes 13, 21), er ikkje dette tydeleg i Tresfjord-nattverden. Somme av læresveinane ser jamvel ut til å smile. Berre han til høgre ved enden av bordet ser kanskje ut til å rygge attende – kanskje er det akkurat augenblikken då Jesus tala om sviket, før dei fleste har oppfatta orda. Kan det vere Judas? Iallfall er det før Judas forlet nattverdsbordet, for dei er enno 13 til bords. Og Judas sit ikkje litt for seg sjølv, slik han etter tradisjonen gjerne vart framstilt.

Tresfjord-nattverden er som kunstverk enkel og primitiv i



Foto: Olav Bjørkum.

utskjering og måling. Andleta kan nok minne litt om englane på preikestolen i kyrkja vår, men enkle som dei er, er engleandleta større og viser meir tydelege personlege uttrykk. Ein kan likevel spekulere på om det er same treskjærar som skar preikestolen til gamlekyrkja på 1680-talet, Eirik Skeidsvoll, som og har laga Tresfjord-nattverden. Levin og Torp måla ein del på preikestolen i 1825-28, og det kan vere at Levin eller Torp, eller rose-målaren Martinus Størheim frå Stordal, også har lagt farge på nattverds-deltakarane, så gjennomførte som fargeharmo-

niane er. Kanskje var læresveinane mindre klåre i fargane i gamlekyrkja, eller ufarga. I alle fall, om den kanskje ikkje er noko stort kunstverk i seg sjølv, er den enkle nattverd-gruppa i Tresfjord kyrkje både uttrykksfull og meningsfull i samanhengen der den står under korset på Golgata. Den gjer bodskapen frå altertavla rikare og meir fullstendig. Det er kanskje ikkje så rart om somme av læresveinane i Tresfjord-nattverden har eit smil i andletet, eit smil som speglar den blide gyldne sola øvst på altertavla. Påskebodskapen tonar!

Samtale med Lars L. Bjermeland

Av Martinus Løvik

Det første minnet til Lars Bjermeland som har med kyrkja å gjere, er truleg frå han var fire år gamal. Ludvik Løvik kørde då dei nye benkane som vart laga til hundreårs-restaureringa i 1928-29 frå snikkarverkstaden i Nilsgarden inn til kyrkja. Ludvik brukte den store firhjula vogna som Eidhamar og Løvik nytta til mjølketransport til meieriet. Benkane var mange og lange, så det vart ikkje få vender forbi huset deira 'Onde Rænen', like ved vegen på Indre Eidhamar. Nitti år seinare sit Lars ved stovevinduet og ser ned på vegen og fjorden, og attende på eit langt liv. Då gamle Karl Smed (Karl B. Sylte) takka av som kyrkjeverge etter mange år i tenesta, tok Lars over. Tilsettingsbrevet er datert 21. januar 1971. Då Lars fylte 90 år i 2015, hadde han vore med i kyrkjeleg styre og stell i 45 år, halve livet. Lars seier han vart ein kostbar mann for kommunen, fordi han sto for fleire store arbeid med Tresfjord kyrkje. Han fortel mangt og mykje om høgdepunkta, og vi skal skrive om det i meir detalj ein annan stad. Den første oppgåva var å få på plass eit skikkeleg oppheng for kyrkjeklok-kene, før dei ramla ned. Det neste var nytt orgel. Bygging av nytt orgel vart vedteke i formannskapet i 1975. Det sto mellom Vestres Orgelfabrikk på Haramsøy og Vestlandske Orgelverkstad på Hareid. Kommunestyret følgde tilrådinga frå konsulenten, organisten i Molde kyrkje (domkyrkje frå 1983), og ga oppdraget til Vestres Orgelfabrikk. Så kom arbeidet med å sikre kyrkja mot å velte. Arbeidet med barduneringa av kyrkja vart gjort av Løvik Sveiseverkstad. Det var ferdig like før nyttårsorkanen 1. januar 1992. Lars seier det røynde hardt på, men bardunane heldt og kyrkja sto. Kyrkja måtte gjennom ei grundig restaurering, og ville bli stengt kanskje i fleire år. Difor forserte dei arbeidet med Kyrkjestova. Dei fekk og sikra eit større areal til utviding av kyrkjegarden. Når eg spør Lars om kva som er det største han har opplevd i arbeidet sitt med kyrkja, renn ei tåre nedover kinnnet. Lars skjelv litt i stemma og seier at det største var den dagen kommunestyret vedtok den store kyrkjerestaureringa med mange gode ord og

mykje pengar. Aldri har han vore så kry av kommunestyret i Vestnes som den dagen! Lars seier at kyrkjebygningen er som skalet, og den kristne bodskapen er kjernen. Sjølv om kjernen er det viktige, er det både rett og nødvendig å syte for at 'skalet' vert teke godt vare på slik at tilhøva for å formidle bodskapen vert så gode som råd. Sjølv har han nok virka mest som ein 'gjerningens mann' i arbeidet med 'skalet', men det vakre kyrkjebygget slik det står etter restaureringa er og med på å formidle bodskapen.

No gler Lars seg over at kyrkja går påska i møte med ny-restaurert orgel. For Lars er påska den viktigaste høgtida i kyrkjeåret. Det er påska som gir meining både til jula og pinsa.



Som kyrkjeverge har Lars L. Bjermeland vore ein 'gjerningens mann', og vore med på mange store løft for Tresfjord kyrkje.

Kven vil styre kyrkja vår?

Det er kyrkjeval 9. september 2019. Kanskje du vil stille til val? Du er invitert til å vere med på å skapa framtidas kyrkje! Rekk opp handa sjølv eller finn fram til folk du trur kan vera viktige i lokalkyrkja di. Vi vil samarbeide for at fleire opp dagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap. Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 rådsmedlemmer til å leie arbeidet i kyrkja. Hugs å gje stemma di på valdagen.

Bli med!

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skape sterkare fellesskap i bygd og by. Mange tendensar bryt ned fellesskapen mellom oss. Vi treng å engasjere oss for å motarbeide isolasjon og splitting.

Vi må jobbe fram ein motkultur mot alle teikn som tyder på forakt for veikskap. Vi vil støtte det som fremjar respekten for Guds skaparverk. Vi ynskjer å visa respekt for kvart enkelt menneske, slik Jesus såg og høyrde den enkelte. Kyrkja di gjev mange høve for engasjementet ditt. I møta med folk i nabolaget ditt kan haldningane dine og det du gjer, bety mykje.

Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomité som skal nominere kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn egne kandidatlistar. Alle kandidatlistar er sett opp i prioritert rekkjefølgje.

Til dei regionale bispedømerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomite (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender representanten sin), og frå andre nomineringsgrupper.

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til forsamlinga der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di.

Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema - m.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Her er nokre dømme på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døpte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Oftringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna.

Soknerådet har 4-10 medlemmar. Medlemmane har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmar viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vere med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.



Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av ein kristen fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapen
4. Du kan sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørge for at kyrkja di er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Besøk kyrkjevalet.no

Glimt frå Babysong

Ved Kristine Simonnes

Babysong er eit av trusopplæring-tiltaka i Vestnes kommune. Her kjem mødre, fedre og babyar for å oppleve musikk, song og ikkje minst felleskap. Samlingane er annankvar tysdag på formiddagen i kjellaren på kyrkjekontoret.



Her syng vi «når det stormer», og løfter tøyestykke opp og ned i store og små bevegelser til glede og forundring hos barna.



Musikk, song, rim og regler. Her blir det mykje kvalitets-tid med babyane.



På babysong får babyane utforske instrument med spennande lydar. Det er også svært populært å gripe tak i så mykje som mogleg.

Glimt frå 10+

Ved Kristine Simonnes

10+ er ein «tweensklubb» for aldersgruppa 10 - 12 år. Ordet «tweens» kjem av det engelske ordet «between», altså mellomstadiet mellom barn og ungdom. Klubben blir gjennomført annankvar tysdag kveld i kjellaren på kyrkjekontoret. Her er det mange entusiastiske deltaktarar som er fulle av liv! Det blir arrangert leikar, konkurransar og spennande bibelforteljingar! Her er alle «tweens» velkomne til å vere med!



Denne 10+ samlinga var det taco som stod på menyen! Ein klar favoritt hos deltakarane!



Ei av jentene på 10+ smiler til fotografen.



Kiosksalg er ein fast aktivitet på 10+, der alle barna er ivrige etter å kjøpe seg noko godt. Dei kappast også om å få stå i kiosken, der dei får ta imot betaling frå kundane.

Tårnagenthelg i Vestnes og Tresfjord/Vike

Tårnagenthelga er eit fast opplegg i trusopplæringa som inviterer agentar frå 3. klasse til å være med å utforske kyrkja og andre mysterium! I Vestnes var det heile 29 tårnagentar som tok del i arrangementet, og her fekk dei små og store utfordringar som barna tok på strak arm!



Her kan dokke sjå dei flotte tårnagentane! Dei øvde inn både song, dans og drama som dei framførte på tårnagentgudstenesta. Ein gjeng med mykje energi og talent!



Ei av utfordringane var å gå på symboljakt i kyrkja. Då er det viktig med gode forstøringsglas for å kunne fange opp små detaljar i krikar og krokar.



Ein annan post var å klippe ut papirhjarter med teksta «Sprei Guds kjærleik i veka som kjem». Desse hjarta plasserte barna under putene i benkeradene for å gje kyrkjelyden ei overrasking under gudstenesta på søndagen.



Her er tre modige tårnagentjenter! Bratte trapper og spindeltev stoppa ikkje lysta til å klatre heilt opp til kyrkjeklokkene.

I Tresfjord og Vike vart det også arrangert tårnagenthelg, og her var det seks gutar som var tårnagenter. På søndagen var dei med på gudsteneste og her var også koret frå Vestnes og Tomrefjord med å syngje flotte songar!



Her ser de tre av gutane som var tårnagenter.



Med iver og intensitet stabla gutane tårn av salmebøker. Det var konkurransse om å byggje det høgaste tårnet innan fem minutt. Tårna raste saman og vart satt opp igjen fleire gongar før vinnerlaget vart kåra.

Konfirmantar i Vestnes våren 2019

Tresfjord kyrkje

lauddag 11. mai kl. 10.30

Dag Christian Maier Eidhamar
Liv Margaret Maier Eidhamar
Martinus Løvik Hjelle
Charlotte Våge Løvik
Martine Nerheim Smisetfoss
Einar-Elias Kavli Sylte
Odin Johan Jakobsen Sylte
Liv Marit Sætre
Oline Sørholt Sætre

Vestnes kyrkje

lauddag 11. mai kl. 12.30

Tomrefjord-konfirmantar

Jessica Ailin Aksellvoll
Cedric Ronnie Hellström Andreassen
Maria Mei Belsvik
David Simonsen Berg
Lucas Olai Daugstad
Amelia Charlotte Eiken
Jonas Kristan Frostad
Viktoria Sterten Gjelsten
Soffía Gunnarsdóttir
Jonathan Sæterøy Hurlen
Filip Jerzy Jastrzebski
Kevin Lenning-Franset
Arthur Rekdal
Silje Rekdal
Sander Værnes Sagen
Michael Augustin Solbakken Sandnes
Karsten Sanden Svingeseth
Jonas-André Stenødegård Tomren
Eirik Crispim Tomren
Henrik Aas Uren
Johanne Vestre *(konf. 25. mai)*

Fiksdal kyrkje

lauddag 25. mai kl. 12.30

Mathias Theodor Falch
Mathilde Gjelsten
Hans Nikolai Marken
Markus Kristoffer Nakken
Alexander Ethan Camello Nakken
Filip Eik Ræstad
Alex Larsen Rønnestad
Mathea Kristine Marken Vikås
Anders Bergheim, *(konf. i Mausund 1. juni)*

Vestnes kyrkje

lauddag 25. mai kl. 10.30

Helland-konfirmantar

Gaute Berg *(vart konf. 21. april)*
Owen Hjelme Connor
Ingrid Ellingseter
Kaja Brånå Hofstad
William Justin Pobet Honningdal
Mathias Holm Hornberg
Mathea Elvevold Lervik
Solveig Ling Nilsen
Julie Ødegård
Kine Orvik
Kim Marius Sperre-Kjersem
Jan Luigi Aya-Ay Stokkeland
Jakob Ulvestad
Johanne Vestre *(Tomrefjordkonfirmant)*

Vestnes kyrkje

søndag 30. mai kl 11.00

Hellandkonfirmantar

Even Christoffer Roald Åkre
Cornelia Klock Båtnes
Ruben Osdal Bruaset
Erlend Jacobsen Eidhammer
Jakob Eik
Benedikte Flate Falch
Sander Hildre Fortun
Henriette Gjelsten
Robin Gjelstenli
Håvard Skar Hurlen
Linnea Arvik Langseth
Emily Nørve Olsen
Rachel Selnes Sæther
Marte Skjegstad
Amund Tomren Slemmen
Øystien Andrè Solberg
Oliver Connor Søreng
Gunhild Elise Venås
Mathias Vik

Vike kyrkje

søndag 30. mai kl. 11.00

Iver Nyhagen Clarke
Anne-Lise Olsen
Tor-Bjarne Løvik Salte
Selene Elin Vestnes
Torstein Væge Nekstad



Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har oppgradert lydanlegget i Fiksdal kyrkje med ny forsterkar og 3 nye mikrofonar. Det var ikkje lov å bruke frekvensen på dei gamle mikrofonane lenger, samtidig som dei skapte ein del ulydar. No fungerer dette fint.

Fiksdal sokn har også tatt i bruk Vipps som eit alternativ i samband med offer under gudstenestene i Fiksdal kyrkje. Deira Vippsnr. er 555355. Dermed har alle 4 sokna våre inngått brukaravtalar for Vipps-funksjon.

Etter planen skulle utvidinga av Vestnes kyrkjegard vere ferdig i fjor haust, men entreprenøren blei ikkje heilt ferdig før vinteren kom. Restarbeidet blir gjort ferdig så snart veret gjer det mogleg på seinvinter/vår. Det er hovudsakleg planting som står att.

Til hausten skal det haldast val til nye sokneråd og bispedømeråd. Stemmegjevinga skal skje same dag som for kommune- og fylkestingsvalet. Frist for innlevering av listeforslag er 30. april. Vi treng mange kandidatar på listene, så eg oppfordrar dei som kan tenkje seg å vere med i sokneråd å melde seg til Kyrkjekontoret i god tid innan fristen.

*Til slutt ein stor og varm gratulasjon til vår trus-
opplærar Ingvild Venås Sanchez som blei tvilling-
mamma til 2 velskapte jenter i oktober i fjor.*

Olav Egil Tomren

Dekoren i Tresfjord kyrkje

Tirsdag 30. april klokka 12.00 vil Martinus Løvik halde foredrag om Dekoren i Tresfjordkyrkja i Auditoriet, Krona, Romsdalsmuseet.

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås,
Martinus Løvik, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha
med i Kyrkjebladet, til å ta
kontakt med redaksjonen.*

**Vi er avhengige av gåver til drift og
distribusjon av Kyrkjebladet.**

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vipsnummeret er: 511986

**Det er muleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.**

Takk til Audbjørg



Foto: Edmund Melkild, Bygdebladet.

No er tida koma for å rette ein varm takk til Audbjørg Gjerde Lippert for hennar framifrå arbeid for og med Kyrkjebladet!

Nøye korrekturlesing i ca. 20 år, det er mange timar! Aktiv medlem i redaksjonskomiteen i 9 år, der ho har hatt eit sikkert auge for både innhald og utsjånad. Ho er dyktig fotograf, og vi har hatt glede av mange av bilda hennar i bladet. Ho hadde alltid eit motiv som passa for anledninga. Lesarane har fått ta del i gammal kyrkjekunst, så vel som nyare ting gjennom hennar omtale. Vi takkar for inspirasjon og fellesskap i arbeidet for at Kyrkjeblad for Vestnes skulle opplevast godt å få i hendene for lesarane.

For redaksjonskomiteen, Kari Nakken.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

25.12 Mie Linnea
Tomren-Fredrikstad
30.12 Ada Sæther Ytreberg
13.01 Anna Luisa Venås Sánchez
13.01 Anna Maria Venås Sánchez
13.01 Gustav Håseth Aas
13.01 Eva Skjegstad Visdal
24.02 Eila Olsen Brastad
24.02 Kevin Johan
Sæter-Stenødegård
24.03 Anne Sevaldsen Varmedal
31.03 Amalie Furland Aas

Døde:

13.11 Aud Kristine Lindgård
20.11 Brita Eidem
26.11 Odd Ståle Male
14.12 Per Uren
22.12 Ivar Ulvestad
22.01 Gunnar Stokkeland
05.02 Magnar Skavnes
09.02 Jan Sigmund Varholm
12.02 Laura Furland
16.02 Lilly Erna Johanne Belsvik
04.03 Olaf Tormod Farkvam
13.03 Aksel Johnny Berg

Tresfjord kyrkje

Døpte:

20.01 Jørgen Lindset Våge
17.02 Tony Øvstedal
17.02 Sigve Kjersheim Moen

Døde:

28.11 Thorbjørn Hubred
21.12 Martinus Fremstedal
23.01 Olav Peder Dahl
28.02 Petra Villa

Vike kyrkje

Ingen døpte eller døde denne perioden

Fiksdal kyrkje

Døpte:

03.02 Mathilde Olsen
10.03 Alida Anundsen Gagnat
10.03 Leonard Skavnes Frostad

Vigde:

29.12 Marita Nygård og
Frode Ellingseter

Døde:

14.11 Kirsten Selnes
24.11 Jan Perry Tangen
18.12 Paula Johanne Turi
04.03 Sissel Remmereit

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar)

14. april Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste for store og små.
Kyrkjekaffi. Nattverd. Takkoffer
til diakoniarbeidet i soknet.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til diakoniarbeidet
i soknet.

18. april Skjærtorsdag

Tomresetra Varmestua kl. 12.00

Sportsandakt. Takkoffer til
eigen kyrkjelyd.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Nattverdsgudsteneste.

19. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.
Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

21. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til
Misjonsprosjektet i Etiopia.

22. april 2. påskedag

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer Åkerlehaugen

24. april onsdag

Tomrefjord kristne
forsamlingshus kl. 18.00

Ung Messe. Tomrefjord
konfirmentar. Nattverd.
Takkoffer til Kirkens bymisjon.

Tresfjord kyrkje kl. 18.30

Ung Messe. Tresfjord og
Vike konfirmentar. Nattverd.
Takkoffer til Kyrkjestova.

27. april laurdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste med Trøkk. Takkoffer
til Rådet for psykisk helse.

28. april 2. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Økumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjonskirken.

framhald side 16

framhald frå side 15 Gudstenester i Vestnes

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til KRIK.

01. mai Onsdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.30

Ung Messe. Nattverd.

08. mai Onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.30

Ung Messe. Vestnes konfirmantar.

Nattverd. Takkoffer til KRIK.

11. mai Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til kyrkjestova.

Vestnes kyrkje kl. 12.30

Konfirmasjonsgudsteneste for

Tomrefjordkonfirmantane.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

12. mai 4. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

Misjonsprosjekt i Mali.

17. mai Grunnlovsdagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

Norges kristelige Student-

Skuleungdomslag.

Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 11.45

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Etiopia.

Vike kyrkje kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

25. mai Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste for

Vestnes-konfirmantane gr. 1.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

Fiksdal kyrkje kl. 12.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

30. mai Kristi himmelfartsdag

Vike kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste for

Vestnes-konfirmantane gr. 2.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med dåp.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

9. juni Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

10. juni 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Kyrjekaffi.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Korsstøneset kl. 13.00

Gudstenestevandring.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

16. juni Treeiningssøndag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

23. juni 2. s. i treeiningstida

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 11.00

Skaparverkets dag. Kyrjekaffi.

Takkoffer til Blå Kors i Norge.

30. juni 3. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

07. juli 4. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Kyrjekaffi.

Takkoffer til Kirkens Familievern.

Stall Kjersem kl. 16.00

Skaparverkets dag. Nattverd.

Kyrjekaffi. Takkoffer til Amatea.

14. juli 5. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Sjømannskyrkja.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 17.00

Olsokgudsteneste.

Takkoffer til kyrkjestova.

04. august 8. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til

trusopplæringa i soknet

11. august 9. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00

Friluftsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

18. august 10. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

25. august 11. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 13.00

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til KRIK Vestnes

01. sept. 12. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med Trøkk.

Presentasjon av Tomrefjord- og

Vestnes-konfirmantane.

Takkoffer til Changemaker.